

Internett-løysing for heile området?

24.04.2011



Sendaren her på Sandakaien bør flyttast

**Ein vellukka påske med bra besøk er snart over i Uskedalen og det einaste klagemålet uskedalen.no har registrert er ein gjengangar. Det er at internett-tilgangen framleis er for dårlig samanlikna med andre campingplassar og båthamnar.**

**Det er grunn til å tru at ei løysing for heile området frå Sandakaien til Rabben ligg like rundt hjørnet. Men det må trykkast på dei rette knappane - bokstaveleg tala.**



- til båtlaghuset eller pumpestasjonen.

Sendaren har sidan den vart etablert vore montert på husveggen på Sandakaien og etter det vi har hørt dekkjer den berre båtlaget sitt område. Ja, knapt nok det:

Sjølv i slippområdet er det problem med å komma ut på nettet. Og inne på Øyro sitt område er det ikkje mogeleg å få kontakt. Hamnever Egil Høgemark og andre har frå tid til annan satsa på det som førebels er den einaste løysinga og det er mobilt breiband.

Men no bør det vera mogeleg å flytta sendaren til ein meir sentral stad. I samband med kloakklegginga gjennom området. Det er lagt fiberr fram til den nye pumpestasjonen i utkanten av båtlag-området og kabelen går like forbi huset til Uskedal Båtlag.

Difor bør det no vera mogeleg å knytta sendaren til kabelen og enten plassera den på pumpestasjonen eller båtlaghuset.

Nøkkelpersonar i båtlaget lovar å ta saka opp under det neste styremøte og sentralt i saka står sjølvsagt også Kvinnherad Breiband.

Ho bør vel vera ordna før sommarsesongen?

Av Ola Matti Mathisen